




Nr 1

2016

67. årgang



God Påske!

Jesus i Getsemane – aktuelt for oss i dag?

Eit kjent og kjær motiv for mange av oss, er altertavla i Hyllestad kyrkje. For min eigen del, har den følgd meg frå heimekyrkja mi som eit godt minne, og eit bilete det er godt å feste blikket på!. Den syner Jesu bøn i Getsemane, og under står det med gamal formulering: «For Eder» - «For Dykk» - I Getsemane kjempa Jesus ein hard kamp. Den første søndagen i fastetida dette året handla om det. Han sa til læresveinane: «Mi sjel er sorgtyngd til døden. Ver her og vak med meg!» Læresveinane sovna, og han sa: «Så makta de ikkje å vake med meg ein einaste time? Vak og bed at de ikkje må koma i freisting. Ånda er villig, men kjøtet er veikt» (Matt.26.41).

Jesus såg djupt inn i vår veike menneskenatur i gjennom Getsemanekampen. Han såg kor lett me har for å bøye unna, tenke på oss sjølve først, noko sovande læresveinar syner. Jesus let Guds vilje skje, og Jesu kamp vart ein kamp for oss. «For dykk» står det trefande på altertavla Jesus stod der me menneske fall. Difor er litt av innhaldet i fastetida, at me skal tenke over og ha fokus på Jesus sin kamp for oss, og følgje han på vegen.

Kanskje avstå frå noko, for å kunne det? Eit måltid mindre for å mette svoltne magar ein annan stad i verda? Forsake ein film eller noko me gjer for oss sjølve, og heller ta eit besøk til nokon som treng det. Eller : Å sette oss ned og lese Guds ord, og få rettleiing gjennom det! Kanskje den største freisting kollektivt i vår kultur nett no, er at me ynskjer eller kulturen legg også opp til, at det skal vere meir fest enn faste.

Som 24-åring besøkte eg for første gong Jerusalem og Getsemanehagen. Når ein går ned frå Oljeberget, passerer ein vakre oliventre og kjem til Church of All Nations; Alle nasjonars kyrkje. Der inne er det eit alter, med eit lite berg inni alterringen. Det var ein stad som rørte ved meg på ein sterk måte! Ja, sterkare enn eg har opplevd nokon annan stad! Takk Jesus at du gjekk vegen for meg!

Det gjev også meg som sviktar gong på gong, ein ny sjanse: «Sjå der Guds lam som ber bort synda i verda», sa Johannes. (1,29)

Jesus i Getsemane- aktuelt for oss i dag? Ja, nett ved det at ved å vandre saman med han kan det bli slik som me syng om i sangen: «Lat din kjærleik få trengja seg inn, slik at han kan forandre mitt sinn. Lat oss alle som trur på ditt ord vere saman i bøn for vår jord.»

(Salmeboka nr.717).

Me lever nett no i ganske urolige tider i verda. Det er og mykje frykt, og vonde bilete og sjå i media. Det trengst både mot og styrke i tida som ligg framfor oss. Å stanse opp for vegen Jesus gjekk for oss alle, trur eg er veldig viktig i alle relasjonar. En konsekvens av frelsa i Jesus er å dagleg overgje sin eigen vilje til Han som har all makt i himmel og på jord, og be om at hans vilje må skje i våre liv. Jesus vil vere vår Frelsar, men ikkje berre det, også vår Herre! Han som kjempa seg gjennom Getsemanekampen for oss, og vann over dødens makt, han bar våre synder opp på krossen, og stod oppatt til vår rettferdigjering. Du og eg kan få sette inn vårt namn, etter «for..». Det er evangelium – ein god budskap. God påske til dykk alle!

Audun Systad



Du som låg i natt

*Du som låg i natti seine
sorgtyngd, vanvørd og åleine,
skjelvande på såre kne,
du som skåli trufast tømde
medan alle dine rømde,
stridsmann frå Getsemane!*

*Du som spotta vart og banna,
kront med klungerkrans om panna,
medan augo brann i sorg,
du som stod i namnlaus pine,
skild frå dei du kalla dine,
einsam i Pilati borg!*

Nytt frå Mali

Jeg sitter her i Bamako, hovedstaden i Mali i Vest Afrika, og skal sende noen glimt til kyrkjebladet i Hyllestad. Hos dere er det fortsatt kald vinter, mens her har varmetiden akkurat begynt. Selv to timer etter solnedgang er temperaturen oppe i 35 plussgrader. Men det er ikke været jeg vil prate om, selv om det kan være interessant nok for oss nordmenn.

Jeg vil dele med dere noe helt "ferskt". I dag morges, torsdag 25.februar klokka 05.00 kjørte jeg min gode venn Mamoudou Barry til bussen. Han har vært på besøk hos meg siden mandag. På grunn av sikkerhetssituasjonen i landet har jeg som hvit misjonær, ikke lov til å reise nordover i landet til det området der vi tradisjonelt har hatt alt arbeidet vårt. Byen der Mamoudou kommer fra og der jeg og familien min bodde i 8 år, Sevarre, er nå en av de militære hovedbasene i landet med

tre FN forlegninger, militærflyplass og tre lokale hæravdelinger. Derfor må vi møtes andre plasser eller de må komme der jeg er, slik altså Mamoudou har gjort nettopp og besøkt meg i Bamako.

Jeg kjenner Mamoudou helt fra 1993 da vi kom til Mali første gang. Han er den første fulani som ble døpt i vår sammenheng og han har hele tiden siden starten for 30 år siden vært aktivt med og en trofast forkynner på radio og på gudstjenester. Han er nå 56 år gammel. Han sier selv: "Fra jeg var 9år gammel til jeg var 26 år gjorde jeg kun en ting, det var å gjete kuer. Jeg fulgte kuene våre over alt og har gjett kuer så langt som til Kamerun. Da jeg ble 26 år møtte jeg Jesus i en drøm og ble en kristen, og siden da er det jeg som har fulgt Jesus, og han som har ført meg dit han vil."

Det har alltid vært utfordrende å være kristen for Mamoudou, fordi han kommer fra en muslimsk bakgrunn, men nå i den senere tiden har utfordringene blitt enda større fordi radikale islamister har fått fotfeste i landet. Han har aldri lagt skjul på at han er en kristen, og som



Samtale og bønn ute i måneskinnet



Mamoudou Barry og Ingvald A. Frøyen

radioforkynner er han offentlig kjent. Derfor er både han og vi spente på utviklingen videre.

Jeg vil gjerne utfordre dere til å være med og huske på Mamoudou i bønn. Be om at han må bli beskyttet og at han fremdeles må få mulighet til å utføre oppgaven sin som forkynner på radio og ellers. Han har kone og mange barn, så ansvaret hans er ikke bare for den lille menigheten i Sevarre men også for tryggheten til familien.

Nå har vi vært sammen i tre dager, han og jeg, og vi har pratet om det meste, vi har lest i Bibelen og vi har bedt sammen. Vi har forsøkt å oppmuntre og støtte hverandre og lett etter ord fra Gud som kan styrke oss i en tid som setter troen på prøve. Og vi har funnet roen og funnet styrke, midt i en virkelighet som er kaotisk og uforutsigbar. Så vet vi som følger Jesus og kjenner til påskén, at motgang og lidelse alltid har vært en del av de kristnes og kirkens liv. Derfor forbereder vi oss på motgang men håper på fred.

Tekst og Foto - Ingvald Frøyen
Bamako den 25.februar 2016

atti seine

*Du som bekk til krossen nagla,
medan blodut sveitte bagla
frå di panne då du sa:
"Fader, kvifor gjekk du frå meg!"
Å, lat nådens blodstraum nå meg,
offerlam frå Golgata!*

*Lær mi sjel kor du laut lida,
syn meg såret ditt i sida,
styrk og nør mi veike tru.
Syn meg dine merkte bender,
så eg frelst mitt auga vender
opp til deg på krossen, du.*

Jakob Sande 1931

Rydding rundt Øn kyrkje – bli med på dugnad lauddag 2. april

Området rundt Øn kyrkje har stor trong for ei oppsaking, det har det vore snakka om lenge.

Laurdag 2. april frå kl.11 håpar vi at du som har høve til det, møter opp og hjelper til med oppsakinga. Åm Sognnes Bygdeservice er der då og har felt / klipt ein del kratt før du kjem. Baktanken vår med å be deg om å bli med på dugnad er at det er sosialt ☺, og at vi får ned kostnaden☺!
..

Gje melding til Aslak på kyrkjekontoret – mobil 975 83 290 - du som har høve til å vere med. Vi vil stille med kaffi og noko å bite i ☺!



Mini- konfirmasjon godt i gang

Minikonfirmasjon er som kjent eit av dei tiltaka som er særst godt innarbeidd her hos oss. Trusopplærar Toril fortel om ein fin og motivert flokk med 11-åringar også dette året. Biletet er frå 2.samling i februar, som var om bøn. Dei fekk Bibel i gudstenesta 24.januar. Dei har leir på Alværa 8.-10. april, og så kjem dei på gudstenesta 29.mai kl.16 og får diplom.



Kjekt klassebesøk i kyrkja

Ein dag i januar kom dei tolv elevane i 1.klasse saman med lærar Linn til Hyllestad kyrkje på omvising.

Prest Audun foralde litt om det som er i ei kyrkje, og spesielt om Hyllestad. Elevane var flinke til å spørje.

Til sist tende dei lys i lysgloben.

Veldig kjekt var det nokre dagar etterpå å ta imot flotte teikningar frå klassen. Dei skal få henge ei god stund i kyrkja.

Sjå kor fine dei er.



Det Norske Bibelselskap fyller 200 år i 2016

I inneverande år fyller Det Norske Bibelselskap 200 år. Offisielt i Norge skal dette markerast i Oslo 26—28.mai. Rundt omkring i kyrkjelydane vert det markert til ulike tider gjennom heile året.

Frå markeringa i Oslo kan ein nemne festforestillinga kalla «Bibelen» i Oslo Konserthus. Lørdag 28.mai vert det to framføringar, kl.17 og kl.20

Grand Prix-vinneren Hanne Krogh har fått med seg eit stjernelag til å vere med på en musikalsk hyllest av Bibelen: Ole Paus, Marianne Antonsen, Helene Bøksle, Thomas Ruud og Oslo Soul Children skal skape «bibelsk feststemning» på scenen i Oslo konsert-hus.

– Dette er både ærefullt, interessant og spennande. Alle som eg har kontakta har sagt ja, sier Hanne Krogh som er konfransier under festforestillinga «Bibelen»

Festforestillinga er berre eitt av mange arrangement denne helga i slutten av mai. Elles kan nemnast: lovsangskveld, bibelforteljning, festgudsteneste og burrsdagsfeiring.

Meir om dette kan du lese på: http://www.bibel.no/Bibelselskapet/Bibelfestival_2016

KYRKJELYDSMØTE for Hyllestad sokn blir 10. april 2016.

Hyllestad sokn sin årsrapport for 2015 vert lagt fram for kyrkjelyden i forlenging av gudstenesta i Hyllestad kyrkje som startar kl. 11:00.

Påska er svært tidleg i år og det medføre at kyrkjelydsmøtet blir seinare enn vanleg

Kyrkjelydsmøtet er heimla i kyrkjelova

KL § 9. Menighetsrådets oppgaver 7 ledd.

«Menighetsrådet gir hvert år menighetsmøtet en orientering om det kristelige arbeidet i soknet.»

Regler om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet. § 9 Rapportering

«Menighetsrådet utarbeider innen 1. mars hvert år, en årsrapport over rådets virksomhet i siste kalenderår. Rapporten legges frem for menighetsmøtet.....»

Gåve til barne og ungdomsarbeidet 😊!

Hjarteleg takk til deg som tok utfordringa i kyrkjebladet sitt julenummer og betalte inn ein skjerv til barne og ungdomsarbeidet. Midlane som kjem inn blir i sin heilskap brukt til dette viktige arbeidet. For at du skal vere heilt sikker ☺ på at midlane kjem rett har vi oppretta ein eigen bankkonto med **kontonr: 3705.30.96396**. Betaler du inn til dette kontonr. er det ikkje så farleg om du glemme å merke gåva med tekst. Men dersom du ønskje skattefritak for gåva – over kr 500 – må du skrive skattefritak og føre på fødselsnummeret ditt. I tillegg til trusopplæringsaktivitetar inkludert konfirmanntararbeid, er Hyllestad ungdomsklubb blitt eit kjærkome og populært tiltak for ungdomen i kommunen.



Gåve til trykking og utsending av kyrkjebladet

Kyrkjebladet for Hyllestad blir lese og vil i år kome ut med sine fire nummer. Frivillige bladpengar og annonseinntekter er det som betaler trykking og utsending. Alle som har ei postkasse i kommunen skal få bladet, då det vert sendt ut som informasjon og ikkje reklame. Difor er det berre du som ikkje bur i kommunen som treng

å skrive namn og adresse på innbetalinga. Men gjer du ikkje det får du ikkje bladet tilsendt i posten. Vedlagt ligg ein bankgiro, men du må gjerne nytte nettbank. Vi er takksame om du som er busett i kommunen betalar kr 200. Du som ønskjer bladet tilsendt med adresselapp og frimerke betalar kr 225. Vi ser òg at nokre av dokke betalar

meir og er sjølvsagt takksame for det. Alle gåver til Hyllestad sokn kan gi skattefritak om summen er over kr 500, men må merkast med skattefritak og fødselsnr.

Kyrkjebladet sitt bankkontonummer er: 3705.01.58455

Utanbygdsabonnentar:

Det har diverre vore litt vanskelig med adresser til utanbygdsabonnentar, nokre adresser har vore direkte feil og somme har opplevd å få fleire eksemplar. Vi seier oss leie for dette, og har difor freista gå gjennom adresselista på nytt for å få på plass rett adresse. Til deg som bur utanbygds og får bladet i posten er det viktig at du gjev oss melding ved endring av

adresse, vi får diverre altfor mange blad i retur. Vi har endå til opplevd å få blad i retur der adressaten berre har flytta over på andre sida av gata; Det kan synast som Posten Norge etter kvart har kome dit, at dei ikkje tillet sine postbod å bruka hovudet og/eller lokalkunnskap. Nokre av dykk har tinga bladet, men ikkje fått det og difor måtta be om å få det tilsendt i ettertid. Vi vonar no å ha fått på plass ei oppdatert liste og vil freista, so godt vi kan, å ajourføre den til ei kvar tid. Endå viktigare er at du, som får bladet tilsendt utanbygds, hugsar på å betala bladpengane og merkja tydeleg med namn i merknadsfeltet når du betalar.

Biletkunstnar til Hyllestad kyrkje

Helga 8.-10.april kan me sjå fram til ei interessant helg i Hyllestad kyrkje. Biletkunstnaren Mariann Westbø (50), busett i Volda, vil stille ut ein del av bileta sine, og det vil bli eit program rundt dette. Soknerådet synst det er fint å kunne opne kyrkjerommet på ein slik måte.

Mariann ønskjer å kalle denne utstillinga «Verdighet». Bakgrunnen for bileta er at ho hadde ein traumatisk oppleving for om lag 20 år sidan, då ho vart påkøyrd i eit gangfelt. Ulukka resulterte i ei varig nakkeskade, og med det ein tøff kamp mot det ho opplevde som maktutøving. Gjennom malinga opna det seg ein veg frå motgang til styrke og ny livsglede!. Det gav ho eit språk som ho elles ikkje hadde funne, og i dag vil ho difor nytte ordet «verdighet» om denne erfaringa. «Mørket treng fargar, for meg gir fargane

både mot og styrke. Eg har levd eit liv på minussida og målinga har heile tida hatt ein terapeutisk effekt på meg. For meg uttrykker bileta den livskrafta som har vore naudsynt å mobilisere for å finne fram til ny ståstad.», uttalte Mariann til Regionavisa i 2013, i samband med ei utstilling som då vart kalla «Respekt» Debut-utstillinga hennar i Ivar Aasentunet hausta god respons allereie i 2002. I dag vi ho altså bruke ordet «verdighet», og i det ligg og takksemd for dei tilbakemeldingane ho har fått på kunstutøvinga si. Det har varma. Ho ønskjer gjennom bileta sine at menneske med ulike erfarignar kan finne trøyst, styrke og håp gjennom dei. Det som konkret gjer at det



no legg seg til rette med at Mariann kan komme til Hyllestad, er at farmor hennar, Jensine kom herifrå, fødd på garden Systad. For Mariann var ho ein viktig omsorgsperson i livet, trygg og god, og Mariann synst det er fint å komme hit til heimstaden hennar. Her har ho sjølv med seg gode minner frå barndommen.

Dette med trua og styrke i den, har og fått ein større plass i Mariann sitt liv, og ho opplever at kyrkjerommet er ein stad der ho kan få komme med ulike kjensler. Med på fredag kveld vert og Oddvar Etnestad, opphavleg frå Fjaler, men er no kyrkjevevjer i Førde. Han les dikt som høver til Mariann sine bilete. Rett før kyrkjelydsblad gjekk i trykken fekk me og ei anna gledeleg melding: Komponist Magnar Åm, også busett i Volda, og med gode kontaktar i Hyllestad, kjem hit på lørdag. Han vil då ha musikalske innslag frå kl.14 og ei stund utover.

Magnar har gjeve gode skussmål til Mariann sine bilete, og kan på sin måte tolke stemninga i dei. Dette er Mariann svært takksam for!

Her i Hyllestad ser me fram til eit spanande helg, og ønskjer dei alle hjarteleg velkomne!

PROGRAM FOR HELGA:

Fredag 8.april kl.19.30:

«Verdighet». Ei biletutstilling av Mariann Westbø. Diktlesing av Oddvar Etnestad.

Laurdag 9.april: Hyllestad kyrkje kl. 14-17. Biletutstilling. Musikk ved komponist Magnar Åm. Opa kyrkje.

Søndag 10.april: Hyllestad kyrkje. Gudsteneste. Kyrkjelydsmøte. Biletutstilling.

Konfirmantar 2016

Hyllestad 05.05.2016:

Andreas Ytredal Akse
June Lavik Akse
Solve Andre Dale
Sivert Giil
Thea Pedersen Johannessen
Sondre Solberg Losnegård
Nikolai Oppedal
Britt-Alice Thorsnes Solstad
Tuva Sofie Systad Vold
Felicia Natalie Ziener

Øn kyrkje 08.05.2016:

Eirik Tonning Hatløy
Lage Langedal
Amalie Nordbø
Rebecka Schei

Bø kyrkje 15.05.2016:

Mia Eikelid
Emild Espeland
Ole Einar Sognnes
Katja Wolff

Konfirmasjonsdatoar 2017:

Bø:	30.04.2017
Hyllestad:	07.05.2017
Øn:	14.05.2017



Kjekk konfirmantleir på Alværa

Også dette året var det konfirmantleir på Alværa i januar. I fleire år har Hyllestad, Lavik/ Bjordal og Balestrand hatt leir saman. (prestane Karl og Audun tok saman initiativ til det i byrjinga på 2000-talet). Ein fin bukett konfirmanter, over 40, var samla saman med leiarar helga 15.-17.januar 2016. Det var ei nydeleg vinter-

helg, med uvanleg mykje snø på Alværa, og ganske kaldt. Likevel flott til uteaktivitetar, som det vart ein del av på lørdag. Prest Kjetil frå Balestrand, Audun frå Hyllestad og Andreas frå Lavik saman med nokre elevar frå Sygna hadde ansvar for ulike postar med aktivitetar. Det var godt gjennom helga å få hjelp av 10-klassingane

Veslemøy, Gina og Hans Olav frå Hyllestad.

Kirsten G. Ryland var med på heile leiren og øvde også inn fine songinnslag til gudstenesta, og spelte til songane. Veldig kjekt at foreldre frå Lavik stilte som nattevakter, og at foreldre både frå Hyllestad og Lavik baka til leiren.



Tusen takk!

Det var trivelege konfirmantar som gjekk godt ilag og fann tonen.

På søndag vart leiren avslutta med gudsteneste på Alværa, der det mellom anna var eit drama-stykke om Jesus og Barrabas, om at den uskuldige (Jesus) vart dømd, men dermed og gav oss alle eit håp!

Det var flott sang og speling ved konfirmantar, og også lys-tenning og bønner.

Det vart ein veldig fin leir! Me gjev Felicia frå Hyllestad ordet, til ei grei oppsummering på vegne av konfirmantane:



«Det som var mest kjekt med leiren var nok å møte nye folk og få nye venner. Eg har blitt venn med mange av dei på Facebook og held i tillegg kontakten med nokre. Det vi gjorde på leiren var i begynnelsen å ha nokon leikar der vi skulle bli kjent med kvarandre. Vi fekk servert frukost, middag og kvelds. Vi sang sangar saman, hadde andakt, og vi hadde bønnevandring. Vi hadde leikar ute òg, der vi skulle bli delt opp i lag. Då var det konfirman- tar frå både Hyllestad, Lavik, Balestrand og Bjordal på lag, så då blei vi litt meir kjent med kvarandre.»



Gudstenester

	2012	2013	2014	2015
Gudstenester – totalt i Hyllestad sokn inkl. kvardagsgudst, barne og skulegudst.	64	60	53	50
Frammøte totalt	3799	3037	2915	3086
Frammøte totalt	3799	3037	2915	3086

Gudstenesteliv i Hyllestad

Trass i at det har vore færre gudstenester i 2015, frå 53 til 50, syner talet på frammøte ein auke på 171. I 2015 var det noko fleire døypte (fleire utanbygds), og særskilte gudstenester elles kan ha medverka. Gledeleg er det og at talet på nattverdsgjester syner ein auke. At ein er over 3000 frammøte på eit år skal ein få glede seg over, samstundes som altså tal på gudstenester har vorte redusert.

Som det er nemnt tidlegare i årsrapportane, er satsinga i høve til trusopplæring ei viktig årsak til gudstenesteframmøte i Hyllestad dei siste åra. Det er flott at desse tiltaka vert knytt til gudstenestefeiring. Ikkje sjeldan er det og bønnevandring ved slike gudstenester, og det er med og aktivisere kyrkjelyden på ein fin måte. Foreldre er ofte flinke til å vere med borna på slike gudstenester. Skulle ein komme med ei utfordring, måtte det bli at det er viktig at kyrkjelyden elles sluttar opp om desse gudstenestene, slik at dei som er i dei aktuelle fasane kan møte ein levande og aktiv kyrkjelyd, og at ein får lyst å vere ein del av den. I den nye gudstenestereforma er «involvering» eit viktig stikkord. Det er fint når fleire enn dei fast tilsette tek del. I løpet av hausten 2015 har konfirmantar teke del som kyrkjevertar, noko det har komme

gode tilbakemeldingar på. I løpet av 2015 har det og vore kvardagsgudstenester med ulik involvering, som til dømes gudsteneste i Øn kapell, med tema om «kystpilgrimsleia» (ved Astrid Waage). Her vart godt frammøte. Elles har det vore Thomasmesse med intervju av fjorårskonfirmantar, og fokus på nystarta ungdomsklubb, som er eit spennande tiltak. Å vere med og gjere einskildmenneske, både born, unge og vaksne meir medvitne på eigne nådegåver og naturgåver, er ei viktig oppgåve framover for kyrkjelyden.

Samstundes som ein har gjort endringar med eit meir sentralisert gudstenestetilbod i Hyllestad i samband med fornyinga av kyrkja, ser ein at for ein del er bandet til kyrkja der ein bur framleis svært viktig. Framover må det truleg

arbeidast målmedvite med ei fornying av gudstenestelivet, samstundes som ein tek vare på lokal tilknytning og historie. Korleis kan ein få dette til? Ja, sjå det er ei viktig utfordring i tida som kjem! Hyllestad har mange ressusrar på ulike felt. Oftast er det ein trufast flokk som møter fram. Det er viktig at ein kan få kjenne tilknytning til kyrkjelyden som heilskap. I eit tid med mykje skiftande og nytt som bankar på døra, er det viktig å peike på den «gode skatten» me har i vår eiga tru og bakgrunn!

Konfirmasjonsundervisning

Etter at alle tre konfirmasjonsgudstenestene i 2014 var i Hyllestad kyrkje, var det dette året tilbake til gamal ordning med konfirmasjonsgudsteneste i alle dei tre kyrkjene.

LIVSRITER

	2012	2013	2014	2015
Dåp	11	9	11	14
Dåp - busette i Hyllestad	11	9	10	8
Konfirmant	19	21	20	18
Vigsel	0	1	1	3
Gravferd	22	17	19	16

Tala syner stabilitet – lite variasjon dei siste fire åra



positivt motteke av beide partar, og har no ført til meir konkret samarbeid med både besøk i kyrkja av skuleklassar, og besøk i skuleklassar ved prest. Det var og møte med barnehageleinga hausten 2015.

Diakoni

Etter at prostidiakonen slutta i februar har diakonale tiltak avgrensa seg til konfirmantane sin fasteaksjon samt dei faste andaktane på Eiklund omsorgs-senter. Men diakoni er meir: *"Diakoni er kirkens omsorgstjeneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærlighet, inkluderende fellesskap, vern om skaperverket og kampen for rettferdighet."*

Diakoni er omsorg for heile mennesket, frå vogge til grav, både førebyggjande og helande. Diakoni er ikkje berre tiltak og aktivitetar, men òg ein dimensjon som kjem til uttrykk gjennom gudstenestefeiringa, forkynninga, trusopplæringa og barne- og ungdomsarbeidet. Såleis er alle våre tilsette diakoniarbeidarar: Tilsette gjennom arbeidet i gudstenester og gravferd, kontorpersonale når menneske kontaktar kyrkja, trusopplærar i møte med barna og deira foreldre i trusopplæringstiltaka, kyrkjetenarane møter folk ved alle arrangement

Det er framleis god oppslutning om kyrkjeleg konfirmasjon i Hyllestad. For underteikna er det ei fin oppleving å bli ein del av konfirmantteamet i Hyllestad kyrkje, der både konfirmantar i Hyllestad og Lavik deltek. Hausten 2015 starta i alt 25 konfirmantar undervisning, av dei 18 frå Hyllestad. I tillegg til sokneprest i Hyllestad, er sokneprest i Lavik, Andreas Ester med, trusopplærar Toril Lange, og dei to frivillige medarbeidarane frå Hyllestad, Kirsten Gravdal Ryland og Linda Ølmheim. Det at ein er eit såpass stort konfirmantteam, gjer at det ikkje er fullt så sårbart om nokon av og til ikkje har høve å vere med. Det at ein kan spele på dei ulike gåvene den einskilde leiar har, er og viktig.

Konfirmantarbeid kan vere utfordrande, men me som leiarar får også mykje tilbake frå engasjerte og positive ungdommar som gjev uttrykk for at dei trivst i kyrkjerommet i Hyllestad kyrkje. Foreldre og føresette gjev også positive tilbakemeldingar på det konfirmantane bidreg med på gudstenester og i andre samanhengar. Undervisninga følgjer ein mal med opning kring lysgloben, undervisning i grupper. Det er og ulike aktivitetar med song, dans og drama. I tillegg kjem heimesamlingar, nattcup og leir på Alværa, som det ikkje minst er gode tilbakemeldingar på.

Samarbeid kyrkje - skule barnehage

Hyllestad kyrkje har ei sær god plassering mellom skulen og barnehagen på Hyllestad. Å komme utanfrå og sjå verdien og føremonen av dette, er ei god oppleving.

Før jul i 2015 vart det gjennomført ei gudsteneste for barnehagen og ei gudsteneste for skulen med god deltaking både av born og tilsette. På skulegudstenesta var det og fine innslag med musikk og lesingar (5.-6.klasse), og også song ved konfirmantane. At skulen også leigde kyrkjerommet til si avslutning før jul, seier noko om god plassering og eit kyrkjerom som vert etterspurd.

I november var det eit møte på lærarrommet ved Hyllestad skule der sokneprest fekk ha ei innleiing til samtale om samarbeid mellom kyrkje og skule. Ein har kjensle av at dette vart



som er i kyrkja og kapellet. Vi er alle Jesus ambassadørar, og det er difor svært viktig korleis vi framstår.

Frå sentralt kyrkjeleg hald har det i 2015 komme oppmoding om at kyrkjelydane engasjerer seg enno meir i møte med våre nye landsmenn. Hausten 2015 var det i prostiet ein konferanse om «Inkludering», der soknepresten deltok. Det var ei omvising i kyrkja for ein del av dei som får språkundervisning på kommunehuset. Av og til kjem det einskildpersonar til gudtenester og andre samankomstar i kyrkjelyden. Det er viktig at me her er medvitne på vår oppgåve i tida som kjem.

Misjon

Hyllestad sokn har misjonprosjekt i Mali. Ei trusopplæringsgudsteneste kvart år er også ei misjonsgudsteneste.

Eiklund.

I løpet av 2015 har ein heilt gått over til at det er torsdagar det er andakter på Eiklund ved prest og organist. Det er kl.11.30. Ein har ikkje kaffi ved desse samlingane. Frammøte har vore ganske godt, ikkje minst av di mange av dei som no er på omsorgsbustadane deltek. Dei kjem seg lett fram. Organist Erling Akse kjenner mange frå før, og i etterkant av andaktene vert det ofte ei ek-



stra songstund med forslag av dei eldre sjølv. På institusjonen som heilskap, er det mange som ikkje er i stand til å komme på andakten. Då er det viktig at dei som ønskjer det, kan få besøk av prest

i etterkant. Personalet er flinke til å formidle det, og det har vore ganske mange slike besøk, og fleire som ønskjer å samtale med prest.

Det kan bli aktuelt med egne besøksdagar, som av og til kan komme i staden for andaktene, slik ein somme stader har god erfaring med.

Kjekt er det og at kvart konfir-mantkull pleier å ha eit besøk på Eiklund for året, der dei syng, samtaler og har ei sosial stund med dei eldre.

Fleire eldre frå Eiklund møter trufast opp til gudsteneste i Øn kyrkje.



Der du har gått føre

Herre Jesus, etter at du hadde fullført alt, kvilte du i grava før du stod opp på den tredje dagen. Så vil heller ikkje eg vera redd for døds mørket og gravnatta, men vita for visst at der du har gått føre, kan eg trygt følgja etter, og det skal ikkje henda meg noko vondt. Gje meg framleis å leva i deg, for at eg når dagen kjem, må døy i deg. Lat lekamen min kvila i jorda sitt fang under det heilage krossteiknet, og vekk meg opp den siste, store dagen til å lovsyngja deg i livsens land.

Etter Gudstad Jensen (1945-1922) Norsk Salmebok 2013- Norsk bønnebok

Veggbilete laga av tekstilkunstnar Eli Johanne Berg



Treng du nokon å fortelja det til?

I 2015 endra Kirkens SOS telefonnummer, det nye nummeret er 22 40 00 40. Kirkens SOS er Noregs største døgnopten krise-teneste på telefon og internett. Dagleg er det fleire hundre som tek kontakt avdi dei treng nokon å prata eller skriva med. Nokre av dei som tek kontakt tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er einsame, nokre er usikre, andre er sjuke eller redde.

-Grunnen til at vi gjekk over til eit nytt telefonnummer var at det gamle var for dyrt for innringjarane. Med det nye nummeret kostar det ikkje noko ekstra for innringjaren å ringja oss, seier generalsekretær i Kirkens SOS i Noreg, Leif Jarle Theis.

Å kjenna seg uendeleg forlatt gjer det vanskeleg å sjå ein veg ut av djup fortvilning. Årleg tek over 500 menneske sitt eige liv

i Noreg og nærare ti gonger so mange freistar utan å lukkast. Sjølv-mord og sjølv-mordsforsøk har omfattande konsekvensar for enkeltindivid og samfunnet generelt.

«Det var bra de var der i natt. Eg var sikker på at eg ikkje orka meir, men no trur eg kanskje eg kan makta å leva vidare» Tilbakemelding frå ein innringjar.

I Kirkens SOS er ein oppteken av å møta alle som tek kontakt som likeverdige medmenneske. Livet er komplisert og inneheld både vidunderlege augeblikk og ubeskriveleg smerte. Dei som svarar på telefon eller via internett kan ikkje gje fasiten på livet, men lytte til deg same kven du er og same kva du har på hjartet.

Kirkens SOS er ei sjølv-mords-førebyggjande teneste. Kirkens

SOS har stor kompetanse innan dette fagfeltet og har gjennom meir enn 40 år erfart at deira nærver reddar liv. Organisasjonen sin visjon er at Kirkens SOS skal ometje Jesu nestekjærleik i praksis gjennom å gje tid til, ha tru på og fremje håp for menneske i krise.

Fakta om Kirkens SOS:

- Kvart år svarar Kirkens SOS på nærare 200.000 henvendelsar.
- Kirkens SOS har tre ulike tenester: Telefon, sos-melding og chat.
- Telefon og sos-melding er tilgjengeleg døgnet rundt heile året.
- Alle som arbeider i tenestene er frivilljuge medarbeidarar.
- Totalt har Kirkens SOS nærare 1000 frivilljuge medarbeidarar og 40 tilsette.
- Kirkens SOS omfattar tolv senter frå Kristiansand i sør til Tromsø i nord.
- Kirkens SOS mottok offentleg tilskot, men er avhengig av gåver for å oppretthalda dagens omfang av verksemda.
- Kirkens SOS vart skipa i 1974.

For meir informasjon, sjå:
www.kirkens-sos.no

TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no





Sunnfjord Gravferdsbyrå

*Vi vil på beste måte hjelpe dykk som parvande,
med alt som høyrer ei verdig gravferd til.*

Blomsterterget A/S - Dale Senter - 6943 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 - Mobil 975 21 569 - Telefaks 57 73 98 01



Innhogging av nye namn
og oppfrisking av skrifta på
gravminne.

Kyrkjekontoret formidlar kontakt
med ein som kjem vår og haust
og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på
tlf. 57 78 85 65/975 83 290 !

E-post: post@hyllestad.kyrkja.no

ÅM SOGNES BYGDESERVICE



PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

STEIN

- Beleggningsstein • Kantstein • Gråsteinsmuring

LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving



6953 Leirvik i Sogn tlf: 959 43 735 www.aamsognes.no




Hyllestad

ÅPEN 09-19 (16)



Treng du elektrikar,
kontakt oss på tlf. 57 78 89 00



Lat oss realisere din bustaddraum!

RYLAND BYGG AS



Vi tilbyr: Hus og Hytter frå Bygghmann / Eigen prosjekteringsteneste / Byggeleiing og Prosjektleiing
Kontakt oss på: Tlf.: 992 81 401 / www.rylandbygg.no / firmapost@rylandbygg.no

Velkommen til kyrkja

Oppdatert gudstenesteliste/kalender finn de til ei kvar tid på vår heimeside:
www.hyllestad.kyrkja.no

06.03.2016		Bø kyrkje	11:00	Gudsteneste
13.03.2016		Hyllestad kyrkje	11:00	Gudsteneste Tårnagentar
17.03.2016	Torsd.	Hyllestad kyrkje	19.30	Liturgisk opn. 5. saml, Tid for Tru; Det kristne livet
20.03	Palmes.	Øn kyrkje	11:00	Gudsteneste
24.03	Skjært.	Hyllestad kyrkje	19.30	Påskemåltid
27.03	1. påsked.	Hyllestad kyrkje	11:00	Høgtidsgudst.
28.03	2. påsked.	Eiklund	11:30	Gudsteneste. Nattverd
03.04		Bø kyrkje	11:00	Gudsteneste
10.04.		Hyllestad kyrkje	11:00	Gudsteneste. Kyrkjel.møte
17.04.		Hyllestad kyrkje	19.00	Samt.gudst. Konf.team
05.05.		Hyllestad kyrkje	11:00	Gudsteneste.Konfirmasj.
08.05.		Øn kyrkje	11:00	Gudsteneste. Konfirmasj.
15.05.		Bø kyrkje	11:00	GudstenesteKonfirmasj.
17.05.		Hyllestad kyrkje	11:00	Festgudsteneste
29.05.		Hyllestad kyrkje	16.00	Gudsteneste. Dipl. Minikonf.
05.06.		Alværa misj.	11:00	Gudsteneste ALVÆRASTEMNE
12.06.		Øn kyrkje	19.30	Gudsteneste
19.06.		Kvernsteinsparken	12:00	Gudsteneste
26.06.		Espeland	11:00	Friluftsgudsteneste.

Glede og sorg

Døyppte:

Hyllestad: Lisbeth Marie Sande Nygaard

Bø:

Oliver Elnes
Ingeborg Nordahl Sognnes

Gravlagde:

Hyllestad: Alf Harald Skaar f. 1944
Bjarne Arvid Hansen f. 1929
Erling O. Hofland f. 1928

**Vi tek sikte på å fylla minst
ei heil side i kvart nr. med
annonser til fylgjande prisar:**

Visittkortannonse
4 innrykk pr. år: kr. 2.400,- pr. År
2 innrykk pr. år: kr. 1.800,- pr. År


Dobbel visittkortannonse,
4 innrykk pr. år: kr. 4.400,- pr. År
2 innrykk pr. år: kr. 3.200,- pr.år

INFORMASJON

B

Returadresse.
Kyrkjekontoret
Kommunehuset
6957 Hyllestad

NORGE



Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefonetid tysdag og torsdag kl 10.00-15.00
Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles postkasse: post@hyllestad.kyrkja.no

For anna adresseinfo sjå: www.hyllestad.kyrkja.no

KYRKJEKONTORET:

Dagleg leiar/kyrkjeverje: Irene Fløde

E-post: irene.flode@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 992 38 420

Kyrkjeseekretær: Aslak Åm Sognnes

E-post: aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: Audun Systad

E-post: audun.systad@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 971 55 237

Kontortid tysdag 10.00-14.00 (om ikkje tenesta hindrar)

I KYRKJENE:

Organist Erling Akse - Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar / klokkar Gunvor Insteffjord - Privattelefon: 57 78 88 03

Klokkar Aslak Åm Sognnes - Mobiltelefon: 975 83 290

UTADRETTA STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog Toril Lange

E-post: toril.lange@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 922 40 966

HYLLESTAD SOKNERÅD:

Soknerådsleiar Jostein Ryland - Mobiltelefon: 992 81 401

KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Bankkonto: 3705.01.58455

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes og Audun Systad

Trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as



Framsidebilete:

Veggbilete laga av tekstilkunstnar Eli Johanne Berg

Hyllestad sokneråd 2015 – 2019

Faste medlemer:

Jostein Ryland
Unni Systaddal
Marion Olga Brendehaug
Liv Kristine Solheim
Steinar Urnes
Brit Inger Skaar

Varamedlemer:

1. Odd Takle
2. Reidun Skår
3. Joakim Systaddal
4. Rune Risnes
5. Olaug Brendsdal



Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det
som skjer i kyrkjelyden –
Lik Kyrkja i Hyllestad på
Facebook!

Vakttelefon i Sunnfjord prosti

Kvardagar etter kl 17:00 og på
helge- og høgtids-dagar er det
alltid ein prest i prostiet med
beredskapsvakt.

Vakttelefonen skal nyttast om
ein har bruk for prestetenester
som ikkje kan vente, t.d. ved
dødsbod, soknebod for døy-
ande eller i andre kritiske
situasjonar. Telefonnummer
til vakttelefonen er
95483152